



## Melding frå Firda vgs, mai 23

Hei igjen, her kjem nytt månadsbrev frå skulen.

Dei faste aktivitetane vert vidareført i mai;

### Gratis frukost

Måndag, tysdag, onsdag og torsdag vert det servert gratis frukost til alle i kantina.

### Open skule

Måndag, tysdag og onsdag er miljøkoordinator på open skule frå kl 17 - 22. Tysdag vert det servert middag til kr 35,-, onsdag er det gratis kvelds.

### Studiekafe

Onsdag er det studiekafe frå kl 17-19. Studiekafeen startar alltid med gratis suppe

### Open skule klatring

Tysdagar frå kl 19-21 kveld er det gratis klatring i klatreveggen.

### Volleyball

Onsdag kveld er det volleyball i Trivselshallen kl 20-21 for alle som har lyst til å bli med

## Hendingar i mai og juni

### Eksamen

Det nærmar seg eksamenstid, og skulen har prøvd å førebu elevane godt til dette; Det er laga ein eigen rettleiar som alle elevar har fått utdelt. Vi har hatt allmøte om eksamen, og eksamensansvarleg på skulen har i tillegg informert i alle klasser. Test av systema har blitt gjort i alle klasser. Offentleggjing av skriftleg eksamen skjer fredag 12.mai kl 09.00 i VIS ( Visma in school ). Eksamensplanen for Firda vgs ligg på heimesida vår under -elevar og føresette – eksamensgjennomføring. Munnleg eksamen og munnleg/praktisk skal gjennomførast i veke 23 og 24, og desse vert offentleggjort 48 timar før eksamensdagen.

### Eksamenskonsertar

I juni skal musikklinja ha eksamenskonsertane sine. Avgangselevane presenterer musikken sin i solostykker og ensemble. Det vert klassisk, jazz, rock og pop og andre sjangrar med nummer på høgt nivå. Konsertane vert i kultursalen i Trivselshagen, og nokre av desse er opne for alle. Sjå heimesida vår for nærare informasjon om konsertane.

### Avslutning for vg3

Måndag 19. juni vert det felles avslutning i kultursalen kl 17-18 for elevane i vg3.

Foreldre, føresette og søsken vert invitert som gjester.

Nærare informasjon kjem.

### Siste skuledag

Siste skuledag før sommarferien er tysdag 20. juni

Vil elles vise til heimesida vår. Der er det mykje nyttig informasjon om skulen for både elevar og føresette.

Helsing

Hallgeir Hansen  
rektor